

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Dykkar ref.
12/2689

Vår ref.
12/7928 - EME

Dato
1.3.2013

Høyring – framlegg til endringar i kommunelova og offentleglova

Vi viser til brev frå Kommunal- og regionaldepartementet 26. november i samband med høyring om framlegg til endringar i kommunelova og offentleglova.

Justis- og beredskapsdepartementet kan ikkje slutte seg til framlegget om endringar i offentleglova § 5 andre ledd. Det klare utgangspunktet etter offentleglova er at alle saksdokument er omfatta av innsynsretten, jf. offentleglova § 3, og at eit dokument blir eit saksdokument og såleis omfatta av innsynsretten når det kjem inn til eller blir sendt ut av eit organ, jf. § 4 andre ledd fyrste og andre punktum.

Dersom det er høve til å gjere unntak frå innsyn, eller til å utsetje tidspunktet for når innsynsretten skal ta til å gjelde, er det eit grunnleggjande moment i lova at dette spørsmålet skal vurderast konkret og sjølvstendig for det enkelte dokumentet, jf. § 29 fyrste ledd fyrste punktum om handsaminga av innsynskrav og § 11 om meirinnsyn. Berre når det gjeld opplysningar som er omfatta av teieplikt, eller dokument som gjeld bestemte delar av Riksrevisjonen si verksemd, seier lova at det skal gjerast unntak eller at innsyn fyrst gjeld frå eit seinare tidspunkt. I alle andre tilfelle kan det gjerast unntak eller fastsetjast at innsyn fyrst skal gjelde frå eit seinare tidspunkt.

Ein bør på denne bakgrunnen vere varsam med å innføre fleire reglar som pålegg utsett innsyn. Vurderingar av utsett innsyn eller unntak bør skje konkret og ta utgangspunkt i det aktuelle dokumentet.

Utsett innsyn etter føresegna i offentleglova § 5 andre ledd er avgrensa til dokument som gjeld delar av Riksrevisjonens konstitusjonelle kontroll, og dette er nært knytt opp

til den spesielle konstitusjonelle stillinga Riksrevisjonen har. Det gjeld ikkje noko tilsvarande pålegg om eller høve til utsett innsyn i samband med revisjonsdokument frå eller til nokon andre organ. Vi kan difor ikkje sjå nokon direkte parallell mellom føresegna i gjeldande § 5 andre ledd i offentleglova og behovet for en eventuell heimel for utsett innsyn for kommunale revisjonsdokument og dokument i saker om statlege tilsyn.

Eit grunnleggjande omsyn bak offentlegheitsprinsippet og innsynsretten er at det skal vere mogleg for ålmenta å påverke avgjerdsprosessar i forvaltninga. Dette kan omfatte alt frå å kome med ytringar og innspel undervegs til å peike på reine faktafeil og andre manglar som har oppstått i dei førebelse utgreiningane. Innsyn kan såleis motverke at dei endelege rapportane inneheld feil. Vi kan ikkje sjå at dette aspektet er omtala i høyringsnotatet.

Vi kan heller ikkje sjå at det er vurdert om gjeldande reglar i offentleglova kan avhjelpe eventuelle behov for utsett innsyn. Etter offentleglova § 24 andre ledd andre punktum kan det gjerast unntak for dokument som gjeld lovbrøt, inntil saka er endeleg avgjort. Dette omfattar òg dokument som har til føremål å avklare om det har skjedd noko lovbrøt. Ein rapport som har spørsmål om lovbrøt som hovudtema, vil det såleis i utgangspunktet kunne gjerast tidsavgrensa unntak for etter gjeldande reglar. Sidan slike saker som det er tale om her, i stor grad vil omhandle lovfesta plikter og om desse er oppfylte, bør dette vurderast nærare før ein innfører nye reglar om utsett innsyn. Det bør òg vurderast om andre unntaksreglar i offentleglova kan vere aktuelle på dette feltet.

Når det gjeld eventuelle problem knytte til gjeldande regelverk, kan vi ikkje sjå at det er presentert noko materiale som viser omfanget av dette. Det skal no gjennomførast ei evaluering av offentleglova, og eit hovudemne her vil vere å gjennomføre ei kartlegging av korleis lova faktisk fungerer. Kartlegginga vil gje eit betre og sikrare grunnlag for eventuelle lovendringar. Ein bør difor i alle tilfelle avvente framlegget om utsett innsyn for kommunale revisjonsdokument og dokument i statlege tilsynssaker inntil denne kartlegginga ligg føre.

Med helsing

Harald Aass
fagdirektør

Elin M Elverhøy
rådgjevar